



HORNINDAL KOMMUNE



VOLDA KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Fellesnemnd for nye Volda kommune  
**Møtestad:** Kommunehuset Smia, Grodås  
**Dato:** 16.11.2017  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Jørgen Amdam	Nestleiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Medlem	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Randi Langlo	Medlem	AP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Bente Tryggestad	Medlem	SP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Margrete Bjerkvik	MEDL	KRF
Brynhild Lund Notøy	MEDL	V

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Arild Iversen	Margrete Bjerkvik	KRF
Nina Lødøen Øen	Brynhild Lund Notøy	V

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann i Volda/Prosjektleder
Ann Kristin Langeland	Rådmann i Hornindal
Asbjørn Moltudal	Ass. Rådmann i Volda

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
OS 19/17	<b>Orientering frå Heraldikknemnda</b>
PS 25/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 26/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 27/17	<b>Eventuell grensejustering mellom Hornindal og Stryn kommunar</b>
PS 28/17	<b>Reglement for møtegodtgjersle for Nye Volda kommune</b>
PS 29/17	<b>Strategiske satsingar nye Volda - endeleg handsaming</b>
PS 30/17	<b>Orienteringssaker</b>
OS 20/17	<b>Orientering frå prosjektleiar</b>
OS 21/17	<b>Landbruksforvaltning i kommunane</b>
OS 22/17	<b>Infoskriv nr. 3/2017 - Nye kommunar i Møre og Romsdal</b>

## **OS 19/17 Orientering frå Heraldikknemnda**

*Oppdatert etter vedtak i sak PS 32/17 frå møte 07.12.2017:*

Etter avtale med Temakomiteen for nytt kommunenamn og heraldikk gav leiar i Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel, komiteen høve til å starte si orientering før Fellesnemnda starta møtet.

Leiaren i komiteen, Jon Tvinnereim, opna sin presentasjon med å greie ut om arbeidet som har blitt gjort, kven som har vore involverte i prosessen og korleis dei har kome fram til si vurdering, og seinare konklusjon, av innstilling til nytt kommunevåpen.

I ei samla vurdering har Temakomit  for nytt kommunenamn og heraldikk kome til at forslaget med nummer 28 er det beste av dei aktuelle innkomne forslaga. Dette forslaget vart fremja av Dagfinn Fl tre (Volda). N r det gjeld topp-plassering og premiering i konkurransen, meiner Komit en at forslag nummer 26 (fremja av Bodil Johnson, Nordfjordeid) er s  likt nummer 28 n r det gjeld motiv, at premien b r delast mellom forslagsstillar til nummer 26 og forslagsstillar til nummer 28. I utforming er, if lgje komiteen, likevel nummer 28 monaleg betre enn nummer 26, og nummer 28 b r derfor k rast til vinnar.

Etter at presentasjonen av leiar Jon Tvinnereim, overleverte Temakomit  for nytt kommunenamn og heraldikk ein rapport for arbeidet som har blitt gjort i prosessen med nytt kommunev pen. Denne rapporten ligg vedlagt under:

*«Til*

*Fellesnemnda for Hornindal kommune og Volda kommune*

*Fr *

*Temakomit  for kommunenamn og heraldikk*

### ***Arbeidet med nytt kommunev pen, grunngjeving for val av vinnarforlag og tilr ding til Fellesnemnda.***

*Temakomit  for kommunenamn og heraldikk vart oppnemnt 9.03.2017 av Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar. Desse vart oppnemnde: Kari Aslaug Hasle, Odd A. Folkestad, Rolf Taraldset og Siv Madeleine Kristensen. Leiar for komiteen vart Jon Tvinnereim.*

*Mandatet var   leggje fram for Mellombels fellesnemnd (heretter kalla Fellesnemnda) forslag til kommunenamn for den nye kommunen, og   leggje fram tilr ding til ny heraldisk profil for den nye kommunen.*

*Den 18.05. 2017 la Temakomit  for nytt kommunenamn og heraldikk (heretter i teksten kalla Komit en) fram forslag om nytt kommunenamn. **Volda** var Komit en sitt forslag, og det vart seinare stadfesta av Fellestr det og departementet.*

*I siste delen av mai 2017 lyste Komit en ut open konkurranse om nytt kommunev pen for nye Volda. Konkurransen vart annonsert i avisene M re, M re-Nytt, Fjordingen, Fjordabladet og Sunnm rsposten. I tillegg var konkurransen gjort kjend p  heimesidene til dei to kommunane, Hornindal og Volda. D  fristen for innsending av forslag var ute, 1.09.2017, var i alt 53 forslag innkomne.*

*Om ein deler inn dei innsende forslaga etter motivval, har dei to største gruppene ulike kombinasjonar av dei eksisterande kommunevåpena for Hornindal og Volda, og ulike kombinasjonar av fjell, vatn og tunnel. Resten av forslaga har som motiv tre, padde, ambolt, ugle, fjørpenn, smietang, liljekonvall, alfakrøll, bok, navar og feler.*

*Alle dei 53 forslaga som kom inn, er lagde ved denne rapporten.*

*Fellesnemnda hadde lagt inn følgjande føring for val av nytt kommunevåpen: «Kommunevåpen bør vere eit tydeleg og samlande symbol for kommunen».*

*Då medlemmane i Komitéen frå Hornindal begge var ugilde for oppgåva med å kåre vinnarforslag, vart Torunn Lødemel Stokkeland og Svein Otto Espe valde som varamedlemmar for Hornindal. For Volda vart deretter Tove Aurdal Hjellnes og Jakob Helset valde som varamedlemmar. Tove Aurdal Hjellnes erklærte seg ugild. Ingen av dei to har møtt i Komitéen.*

*Komitéen vurderte i fleire møte forslaga med omsyn til motivval og utforming. Ein kom fram til at to omsyn er særleg viktige når vinnaren skal kårast:*

- 1. Kommunevåpenet for nye Volda bør vere enkelt, tydeleg og ha god utforming*
- 2. Symbolikken bør vere lett attkjennande og vise noko karakteristisk med assosiasjonar til viktige kjenneteikn som kvar av dei to kommunane har vore/er prega av.*

*Komitéen velde ut dei 10 mest aktuelle forslaga og brukte så elimineringsmetoden. I dette arbeidet vart mellom anna motiv som alt er i bruk i andre kommunevåpen, lagde til sides. I den endelege vurderinga kom ein til at to av forslaga var særleg aktuelle. I valet av desse delte Komitéen seg i to. Tre av medlemmane meinte at det forslaget som i registreringa fekk nummer 28, er det beste, medan ein medlem gjekk inn for nummer 23. Ein medlem valde å ikkje røyste.*

*Komitéen henta så inn faglege råd og vurdering av dei to forslaga frå ein av dei mest anerkjente heraldikarane i landet, Hans Cappelen, Oslo, og frå ein røynd heraldikar og teiknar, Arvid Sveen, Tromsø, som har teikna over 50 kommune- og fylkesvåpen.*

**Hans Cappelen** skriv i si vurdering (13.11.) at han ville ha føretrekt eit kommunevåpen med berre eitt motiv. Men han har ingen sterke innvendingar mot å velje kommunevåpen med to.

*Cappelen rår frå å velje kommunevåpen «med pennesplitten lagt tversover de tre låbladene» slik det er på forslag nummer 23. Dersom ein skulle velje forslag nummer 28 (pennesplitt «innramma» av ein lå på kvar side) er Cappelens råd at figurane blir «tegnet og formet med litt mer avstand fra hverandre».*

*Etter at Hans Cappelen hadde rådd frå å bruke forslag nummer 23 som kommunevåpen for nye Volda, vart han spurdt om amboltsymbolet, som er eit av dei innsende forslaga, kunne bli heraldisk akseptert som kommunevåpen for nye Volda. I svaret viser Cappelen til at Hol kommune i Buskerud og Trøgstad kommune i Østfold har ambolt som symbol i sitt kommunevåpen. Om våpenet til Trøgstad kommune i høve til det innsende frå Komiteen, skriv Cappelen:*

*I ren svart-hvitt versjon uten farger, vil våpnene være like. Faren for forveksling vil være ganske stor, både i svart-hvitt og i farger selv om det jo er stor geografisk avstand mellom kommunene. Men i vår tid med mye reising, travle massemedia og raske klikk på nettet, er faren der for forveksling, og kanskje Trøgstad selv vil protestere fordi våpnene blir lette å forveksle, noe som er forbudt i straffeloven paragraf 165, bokstav b.*

**Arvid Sveen** skriv i si vurdering at nr 28 er det beste utkastet. Han skriv om dette:

*Det tar godt vare på tradisjonen frå de to tidlige kommunale våpen. ....Tegneren bør kanskje jobbe litt mer med låbladenes form i forhold til skjoldformatet, men så langt synes jeg kanskje det mest stiliserte låparet er det beste (med spisst låblad). ... Samtidig er både pennesplitt og låblad gode heraldiske motiv.*

*Som Hans Cappelen rår Arvid Sveen frå å bruke forslag nr 23. Grunngevinga hans er denne:*

*Dette forslaget vil jeg fraråde da figurene ikke lenger er en flate-tegning, men snarere et slags perspektiv der pennesplitt er foran og låbladene bak. På avstand får denne sammensatte figuren et annet uttrykk og som nesten kan likne en slags krabbende bille.*

*Om amboltmotivet skriv Arvid Sveen:*

*Dere kjenner selyfølgelig til at Trøgstad i Østfold har sølv ambolt på blå bunn, og at Hol i Buskerud har tre sølv ambolter på blå bunn. At to kommuner allerede bruker motivet synes kanskje som en god nok grunn til ikke å velge ambolten. Om ambolten likevel skulle velges, ville jeg valgt mer forskjellig farge og metall enn for de andre som er i bruk, for eksempel svart ambolt på gul bunn, eller svart ambolt på metall bunn. – For ambolten er fint tegna!*

*Jeg ville heller ikke være ulykkelig om den nye kommunen valgte ett av de to våpnene som har vært brukt til nå, men jeg forstår godt ønsket om et samlende motiv i målet om at to nå skal bli til en.*

### **Samrøystes vurdering**

*Komitéen legg til grunn at det truleg er brei semje mellom folk i Hornindal og Volda om at dei noverande kommunevåpena er vellukka både i motivval og utforming. Dei mange forslaga med kombinasjonar av dei to motiva, pennesplitt (Volda) og tre låar (Hornindal) kan tyde på at det er ei positiv forventning om at begge kommunane skal få med seg noko av identiteten i dei noverande kommunane inn i nye Volda.*

*Med utgangspunkt i dei innkomne forslaga til nytt kommunevåpen vurderer Komitéen det slik at det beste og mest høvelege vil vere å velje eitt som byggjer vidare på symbolbruken i dei noverande kommunevåpena. Dette ser Komitéen som rimeleg også fordi det mellom forslaga er fleire som utmerker seg med god design.*

*Eitt av dei – det som har fått nummer 28 – er etter Komitéen si vurdering det som peikar seg ut som det beste. Dette forslaget presenterer ei ny og heilskapleg form med utgangspunkt i dei to eksisterande kommunevåpena. Symbolikken er tydeleg og lett atkjennande. På ein betre måte enn dei andre forslaga med liknande motiv sidestiller og jamstiller forslag nummer 28 dei to noverande kommunevåpena. Dette forslaget er etter Komitéen si vurdering også det beste ut frå ei estetisk vurdering.*

*Det er lagt vekt på at dei to heraldisk sakkunnige meiner at nr 28 er det beste av dei aktuelle forslaga. Ein har merka seg at både Hans Cappelen og Arvid Sveen har ønske om vidare arbeid med dette forslaget. Det bør etter vår vurdering skje i samarbeid mellom forslagsstillaren, heraldisk sakkunnige og Komitéen (jf. tilrådinga pkt. 3 og 4).*

*Når det gjeld topp-plassering og premiering i konkurransen, meiner Komitéen at forslag nummer 26 (i to versjonar) er så likt nummer 28 når det gjeld motiv, at premien bør delast mellom forslagsstillar til nummer 26 og forslagsstillar til nummer 28. I utforming er likevel nummer 28 monaleg betre enn nummer 26, og nummer 28 bør derfor kårast til vinnar.*

### *Samrøystes konklusjon*

*Etter ei samla vurdering har Temakomit  for nytt kommunenamn og heraldikk kome til at forslaget med nummer 28 er det beste av dei aktuelle innkomne forslaga. Andre forslag som har vore vurderte under arbeidet, er lagde til sides p  grunn av at to heraldisk sakkunnige har – av ulike grunnar –r dd fr    bruke dei.*

*Forslag nr 28 peikar seg ut b de ved ein god og lett attkjennande symbolikk og med ei vellukka utforming. Dette er ogs  det forslaget av dei aktuelle som p  beste m te sidestiller og likestiller dei to kommunane ved at dei to symbola er sette saman som ein vakker heilskap. Kombinasjonen av lj  og pennesplitt f rer ogs  vidare noko av den positive identiteten til b de Hornindal og Volda inn i nye Volda.*

### *Samrøystes tilr ding til Fellesnemnda*

- 1. Forslagsstillar til nummer 28 og forslagsstillar til nummer 26 vert k ra til nummer 1 og nummer 2 i den utlyste konkurransen.*
- 2. Den fastsette vinnarpremien i konkurransen p  25 000 kroner vert   dele p  vinnaren (nr. 28) og forslagsstillar nr 26 slik at nr. 28 f r kr 15 000 og nr. 26 kr 10 000.*
- 3. Forslag nr. 28 med eventuelle justeringar vert vedteke som kommunev pen for nye Volda. Bakgrunnen skal vere i bl tt. Pennesplitten og dei to lj ane skal vere i s lv.*
- 4. N r vinnar er k ra, f r Komit en fullmakt til – i samr d med vinnar og heraldisk r dgjevar –   gjere justeringar i vinnarforslaget.*

*Svein Otto Espe*

*Odd A. Folkestad*

*Kari Aslaug Hasle*

*Torunn L demel Stokkeland*

*Jon Tvinnereim*

*Hornindal/Volda 22.11.2017»*

## **PS 25/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

Innkalling:

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Sakliste:

Utanom   flytte orienteringssaka om nytt kommunev pen f rst, var det ingen merknadar til saklista slik den l g f re.

### **R ystring:**

Innkalling og sakliste vart samr ystes godkjent.

## **PS 26/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte 12.10.2017 vart samrøystes godkjent.

## **PS 27/17 Eventuell grensejustering mellom Hornindal og Stryn kommunar**

### **Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda for Nye Volda sluttar seg til høyringsuttalen som Hornindal kommunestyre vedtok i sak KS066/17**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 16.11.2017**

*Fellesnemnda for Nye Volda sluttar seg til høyringsuttalen som Hornindal kommunestyre vedtok i sak KS066/17*

## **PS 28/17 Reglement for møtegodtgjersle for Nye Volda kommune**

### **Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda for Nye Volda vedtek reglement for møtegodtgjersle slik det ligg føre.**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 16.11.2017**

*Fellesnemnda for Nye Volda vedtek reglement for møtegodtgjersle slik det ligg føre.*

## **PS 29/17 Strategiske satsingar nye Volda - endeleg handsaming**

### **Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda vedtek sysselsetting, digitalisering og kompetanseutvikling som strategiske satsingsområde som sentrale i kommunesamanslåingsprosjektet:**

## **Handsaming:**

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 16.11.2017**

*Fellesnemnda vedtek sysselsetting, digitalisering og kompetanseutvikling som strategiske satsingsområde som sentrale i kommunesamanslåingsprosjektet:*

## **PS 30/17 Orienteringssaker**

### **OS 20/17 Orientering frå prosjektleiar**

Prosjektleiar Rune Sjurgard gjekk gjennom ein presentasjon om prosessen rundt samanslåinga fram til no, vidare framdrift, aktivetar som har skjedd/og vil skje framover og økonomiplan for perioden 2017-2019.

### **OS 21/17 Landbruksforvaltning i kommunane**

### **OS 22/17 Infoskriv nr. 3/2017 - Nye kommunar i Møre og Romsdal**

Møte slutt kl. 16:13

Rett utskrift,  
Volda kommune, samfunn og rådgjeving  
17.11.2017

Joakim Rødven  
Kommunikasjonsrådgjevar